



LIV OG RØRE: Det britiske punkrockbandet Art Brut var hovudtrekkplaster under årets Ranglerock, og innfridde forventningane. (Arkivfoto: Ane Madsen)

Får 40.000 til rockefest

I år har Norsk Kulturråd auka støtta til Ranglerock.

ÅGE BJØRNÉVIK | tekst

abj@jbl.no

Ranglerock-leiar Omund Norheim er glad både for kronene i seg sjølv og for signaleffekten av dei.

– Dei reine kronene betyr mykje for drifta av festivalen. Samstundes er støtta frå Norsk Kulturråd ei veldig kjekk anerkjennin. Det er ikkje alle festivalar som får støtte. Me har fokus på musikken, og med denne støtta slår kulturrådet fast at me er eit viktig kulturarrangement, og at dei ser verdien av det me held på med, seier Norheim.

Ranglerock har fått støtte frå Norsk Kulturråd før, òg. I fjor var summen 20.000 kroner.

– Det er kjekt å sjå at sum-

men i år har auka til 40.000 kroner, seier Norheim.

Årets Ranglerock 17. og 18. juli var ein stor publikumssukcess, med fulle hus i Bryne Mølle begge dagane. Hovudtrekkplasteret, det britiske punkrockbandet Art Brut, innfridde dei høge forventningane.

– Me har gjort opp rekneskapen med ein fin pluss i år, så no er me godt rusta framfor neste års Ranglerock, fortel Norheim.

Dei har reservert Bryne Mølle 16. og 17. juli, og har så smått begynt å tenkja på programmet. Men ingenting er klart, enno.

Ranglerock var ein av 16 som fekk støtte i kategorien «arrangørar, populærmusikk» då Norsk Kulturråd sitt utval for rytmisk musikk møttest 14. oktober. Totalt delte utvalet ut 4,7 millionar kroner i støtte til arrangørar og musikarar.

Forfattaren Sverre Mørkhagen til Bryne

Torsdag 29. oktober kjem Sverre Mørkhagen til Bryne og skal presentera den nye boka si, *Farvel Norge*. Bokkvelden er hjå Orre Libris i samarbeid med Sons of Norway.

Mørkhagen har arbeid i 3 år med dette bokverket, som er eit grundig innføring i den store imigrasjonen til Amerika, då snaut ein million nordmenn reiste. Han startar med Leiv Erikson, og fyljer heile prosessen fram til 1975.

Han legg sterkt vekt på korleis dei reiste, og kvifor. Det var mange årsaker som økonomiske tilhøve og religiøs fridom. Det

var nok også nokon som reiste for å få meir politisk fridom.

Boka er stor på mest 660 sider. Mørkhagen har ein lett og god penn, så det er spennande, opplysningsrike og interessant lesnad.

Denne boka er den første av to. Neste handlar om då nordmennene kom til Amerika. Korleis dei busette og organiserte seg der. Mørkhagen reknar med å bruka tre år på den andre boka også.

Det vil også vera lett servering, westernmusikk av nokre unge musikere, og pianospel til allsangen og taffel av Gunnar Barstad.

utan blir eg litt stressa i hovudet når eg i løpet av nokre intense fem-seks dagar i november/desember skal ha åtte koreografiar på Undheim og to til juleavsluttinga med turnen. Men då tenker eg på kor fantastisk det er å sjå ungdommene på scenen og i turnen, og då er alt greitt, seier danseentusiasten.

– Kor hentar du inspirasjon til dansane du set opp?

– Det er bare å ta ein tur ut og sjå korleis folk går, eller sjå på kollegaane mine som svingar saksa. Slike rørsler inspirerer meg. Dessutan ser eg ein del dansfilmar.

Ikkje TV-liv

Frå ho begynte på skulen, har ho hatt hendene fulle med korps, 4H, fotball, dans og turn.

– Eg gjorde nærmast leksene på veg til og frå det eg skulle.

Ho har studert dans i Tvedstrand og Oslo i tre år.

– Eg er trulova med ein, men eg veit snart ikkje korleis han ser ut, seier ho og ler.

Men ho innrømmer at ho ikkje kunne tenkt seg noko liv i stolen framfor TV-en.

– Eg hadde fått angst viss eg skulle blitt sitjande i TV-stolen frå eg kom heim frå jobb til eg gjekk og la meg. Eg må ha mykje

å gjera og boblar over av energi. Viss ikkje blir det krig i heimen.

– Kva er det som driv deg i engasjementet ditt?

– Når eg ser i augene kor mykje det tyder for ungdommene å få vera med på dette, så er det verdt alt strevet. Eg blir skuffa viss eg har brukta mykje tid på noko og dei ikkje har øvd, men veldig glad når eg ser at dei tek ansvar og øver. For meg blir det slik at eg heller spør: Kvifor brukar ikkje fleire folk tid på dette? Dans er den beste gava me har fått, seier Linn, før ho piler ned til turnjentene sine for å ova vidare.